



Magne Huglen og Kjell Yri - bryggjar saman på Dønhaug

Måndag kveld er ein viktig kveld i Kvinnherad, sett frå ein politisk synsstad. Både Høgre og Venstre nominerer og 2 frå Uskedalen kjem dermed truleg på sikre plassar. Denne perioden har 4 frå bygda vår vore i kommunestyret. Neste periode kan talet auka til 5 og her er dei som ligg an til å bli valde:



[Gunn Mari Moberg blir attvald for Høgre](#)

- * Magne Huglen er allereie nominert som nummer 4 for Arbeidarpartiet.
- * Kjell Yri blir ført opp som nummer 1 under års- og nominasjonsmøtet til Venstre måndag kveld klokka 18 på AFA. Møtet er ope for alle.
- * Gunn Mari Moberg blir nominert som nummer 2 for Høgre under års- og nominasjonsmøtet i Gamleskulen måndag kveld klokka 18.
- * Eskil Moen kjem truleg på sikker plass på Framstegsparti-lista, som er like rundt hjørnet frå nominasjonskomiteen..
- * Elin Legland kjem truleg på sikker plass på Senterparti-lista, som er like rundt hjørnet frå nominasjonskomiteen.



[Elin Legland](#) frå Senterpartiet går truleg inn på sikker plass Dei 4 frå Uskedalen i denne perioden har vore Gunn Mari Moberg (Høgre), Torfinn Myklebust (Innbyggjarpartiet), Tove Lill Lakselv (Framstegspartiet) og Bjarne Lilleaas (Venstre).



Eskil Moen går truleg inn på ssikker plass for Framstegspartiet

Av disse stillar Moberg og Lilleaas opp igjen på sine lister medan Lakselv har frasagt seg attval. Myklebust har førebels ikkje opplyst kva han vil gjera.
Av Ola Matti Mathisen